

# Nyheitsbrev januar 2012

05.01.2011

## Nytt om oss

Også i 2011 har det vore nokon endringar i tilsette og organiseringa hjå oss.

Unn Randi Liahagen starta hjå oss i mars 2011 og er allereie godt i gang med å ta unna saker innan fagområdet til Steingrim Roen. I tillegg til det vil ho ha ein del landbruksrekneskap og nokon av dykk har allereie vorte kjende med ho.

Lydia Lystad slutta hjå oss i haust. Til erstatning for ho har me tilsett Heidi Bråten. Ho er opprinneleg frå Torpo men er no busett i Gol. Ho startar for fullt hjå oss no på nyåret og vil hovudsakleg ta seg av forretningsrekneskap. Ho har ein solid rekneskapsfagleg bakgrunn og er autorisert rekneskapsfører.

Line Espedokken Sorteberg har frå nyttår sin faste kontorplass på Torpomoen etter eige ynskje. Alle kundar skal ha fått informasjon om dette. Nokon har valt å bli med til Torpo,

nokon har valt det motsette. Diverre har ikkje alle hatt mogeleghet for å velje, men me er overtydde om at me har fått til løysingar som for alle blir bra.

Me har stadig pågang av verksemder som vil bli kundar hjå oss og er no oppe i om lag 850 rekneskap med smått og stort. Vår filosofi er at de som kundar skal få personleg service hjå din saksbehandlar, medan du skal oppleve brei fagleg styrke gjennom den storleiken me har oppnådd i dag. Men storleiken og organiseringa betyr og at me ikkje unngår at det av og til blir endringar som medfører byte av fast kontaktperson. Me ynskjer så langt som råd er å gjere slike endingar i samråd med dykk som er kundar slik at alle blir mest mogeleg fornøgde.



**Godt nyttår !**

### I dette nummeret:

Endringar i satsar og reglar 2

Nye reglar for aksjeselskap 2

Takseringsreglane 2011 3

Spesielt for jord- og skogbruk 3

Nye nettsider 4

Duett Dialog - nye dataløysingar 4

## Klar for årsoppgjeret - dette må du hugse !

Bilag må leverast til oss seinast 10. januar dersom du har løn som skal innberettast. I samband med lønsinnberetninga må me og ha oversikt over andre goder som skal innberettast, som t.d. fri bil, telefon m.v. Hugs og å få med alle reiserekningar så tidleg som mogeleg sidan det og skal vere med i lønsinnberetninga.

Andre bør og levere bilag

seinast den 15. januar. Lever gjerne hovudmengda av bilag straks etter nyttår og ta ei oppsamling til litt seinare slik at me kan kome i gang med føringa.

Hugs at vareteljing skal gjerast ved årsskiftet. Det er viktig at denne blir gjort korrekt med signerte og daterte lister. Utrekning av varelager bør takast med det same slik at lister kan

leverast saman med bilaga.

Har du bil i næring er det viktig å notere ned kilometerstand pr. 31.12. Når det gjeld bruk av privat bil i næring er det fint om me får litt opplysningar som kan sannsynleggjere køyringa som blir ført til frådrag.



## Endringar i satsar m. v.

Satsar for diett og reise er fastsett i 'Statens særavtaler'. Det er desse satsane som kan utbetalast som trekkfrie forkuddssatsar. Teoretisk er dette eit forskudd der ein seinare skal inn og rekne på om det gir overskudd, men normalt vil det ikkje blir rekna skattepliktig overskudd om desse satsane er brukt. Eit vesentleg krav for at det kan utbetalast trekkfritt er at arbeidstakar leverar ei detaljert reiserekning som tilfredstiller alle krav til legitimasjon.

Det er ein del nye stasar frå 2012. Me nemner spesielt at allereie i løpet av 2011 vart satsen for skattefri bilgod-

gjersele auka til kr. 3,65.

Momssatsen for mat er endra frå 14 % til 15 % frå 1. januar 2012. Det er viktig å sjekke at fakturasystem, kassesystem m.v. tek omsyn til dette slik at momrekneskapen blir rett.

Frå og med 2012 er det ikkje lenger mogeleg å levere omstningsoppgåve (mva-oppgåve) på papir. Det er no vorte pliktig å levere denne elektronisk på Altinn.

### Våre tilsette:

**Steingrim Roen**

**Ole Sjøthun**

**Kjell Huso**

**Torunn Tveide**

**Trond Augnset**

**Heidi Bråten**

**Kjell Aalrust**

**Anne Mette**

**Bengtzen Rue**

**Lene**

**Rustberggard**

**Nils Bjørnar**

**Ødelien**

**Anne Guri**

**Hodnungseth**

**Synnøve Lio**

**Sigrid M. Tuv**

**Stian Røstberg**

**Inger Kvanneberg**

**Mette Feten**

**Astri Listøen**

**Line Espedokken**

**Sorteberg**

**Unn Randi**

**Liahagen**

## Endringar i lovgjeving for aksjeselskap

Endringane i plikta til å ha revisor har ført til at om lag 48.000 selskap på landsbasis har valt bort revisoren sin. Også ein del av våre kundar har nytta denne mogelegheita. Hovuregelen er at selskap med mindre enn 5 mill i omsetnad kan velje å ikkje bruke revisor.

Vår rådgjeving kring dette har gått på at det må vere litt opp til kunden sjølv å gjere valet. Ein må hugse på at revisor også kan vere ein god rådgjevar, og at det ikkje utelukkande er ein kostnadspost. Det er likevel slik at for svært små selskap med minimal aktivitet har me tilrådd å velje bort revisor.

For dei som kjem inn under desse reglane og ikkje har valt bort revisor er det for seint for året 2011, men det er fullt mogeleg å gjere fråval for 2012 i samband med at ein signerar årsoppgjer m.v. for 2011.

Det er lagt fram forslag til fleire forenklingar i aksjelovgjevinga, og noko av det er allereie vedtatt og gjeld frå 1. januar 2012. Dette gjeld mellom anna kravet til minste aksjekapital. Dette er no sett til 30.000,- kr og innanfor denne summen kan ein og dekkje kostnadane til stifting av selskapet (gebyr Brønnøysund m.v). Me reknar med at det er ein del deltakarlikna selskap og enkeltpersonforetak som etter dette vil vurderer overgang til aksjeselskap. Dette kan absolutt vere fonuftig for ein del. Me er likevel lit skeptiske til så låg startkapital dersom du skal starte ei ny verksemd som krev ein del investeringar. Når kostnadane til stiftinga er betalt er det ikkje mykje att av 30.000,- til å investere i utstyr, varelager m.v. Her må ein nok gjere grundige vurderingar, og det er bortimot opplagt at banken din ikkje vil finansiere oppstarten med så lite innskot av eigenkapital.

Me vurderar å halde ein informasjonskveld om det å drive eige aksjeselskap - ta gjerne kontakt og meld frå om det er interessant for deg.



Næringsminister Trond Giske har vore pådrivar for å få til forenklingane i aksjelovgjevinga.

## Erfaringar med reglane om kontantkjøp.

Me har no levd eit år med dei nye reglane som tilseier at ein ikkje får frådrag for kostnader over kr. 10.000,- som er betalt kontant.

Erfaringane så langt tyder på at dei fleste av våre kundar har tilpassa seg dette og unngått slike betalningar. Likevel er det slik at det dukkar opp nokon av og til. Då har diverre ikkje me noko anna val enn å vere strenge og føre denne kostnaden utan skattemessig frådrag.

Kontrollar som skatteetaten har gjennomført og spørsmål til Skattedirektoratet tilseier at dette er svært firkanta. Det betyr mellom anna at det ikkje er mogeleg å betale ut lønsforskot kontant til nokon sjølv om all løn seinare blir rapportert inn via terminoppgåver og lønsoppgåver. Den forskotsdelen som er utbetalt kontant over 10.000 får ein ikkje frådrag for.

Me har og sett tilfelle der store faktura (opp mot 100.000,-) har fått påskrifta 'betalt kontant'. Dette tek me

vanlegvis opp med kunden med spørsmål om det er mogeleg å endre på. Vårt råd er fyrst og fremst å unngå kontantar. Det neste er at ein ikkje skriv kontant betaling dersom det ikkje er det. Det kan jo vere at ting er gjort opp med eit innbytte og då må ein ikkje skrive kontant på bilaget og motbilaget.



## Takseringsreglane for 2011

Skattedirektoratet sine takseringsreglar for inntektsåret 2011 er klare. Ingen likningsverdiar skal aukast med nokon generell prosentsats i år. Dette gjeld også jordbrukseigedomar.

Ut over det inneheld takseringsreglane satsar for ein del frådrag m.v. Det finst og satsar for kor høg timelønn ein kan utbetale til eigne born som arbeider i verksemda. Dette er for at ein ikkje skal krevje frådrag for urimeleg

høg løn på born/ungdom som tener så lite at dei ikkje betaler skatt.

Til sist inneheld takseringsreglane og satsar for ein del formuesverdiar, t.d. verdi av private bilar.



Kanskje er det slik mange oppfatar skatteetaten.....

## Spesielt for dei som driv jord- og skogbruk.

Det vedlagte skjemaet skal alltid fyllast ut, signerast og returnerast til oss. Sidan dette er å sjå som varetellinga for ein gard er det viktig at det blir signert på lik linje med andre varetellingar.

Mjølkeprodusentar som driv med eigenregistrering har tilgang til komplett oversikt over alle sine dyr. Lista heiter individgrunnlag og me ynskjer at de skriv ut heile denne lista og legg ved vareoversikten. Me legg ut ei detaljert oppskrift under landbruk på våre

heimesider.

Når det gjeld verdien av dei ulike "varene" finn me dette i takseringsreglane og reknar ut totalsummar etter dette.

Dette gjeld t.d. faste satsar for verdi på dyr og eigenproduisert lager av grovfor m.v. Takseringsreglane gir og satsar som skal brukast ved uttak av produkt frå garden til privat bruk. Her er det viktig at de gir oss informasjon om reelle uttak sidan dette har endra seg ein del dei siste åra, m.a. på grunn av stadig fleire sam-

drifter.

Dersom du har avløysartilskot til gode er det viktig at løn blir utbetalt og innberetta no på siste termin slik at dette blir med på rett år. Brukar du Landbrukstenester tek du kontakt med dei, men me kan og hjelpe til med utrekning og innberetning av løn for deg.




**HALLINGDAL  
ØKONOMISERVICE  
AS**

Elvevegen 4  
3550 GOL

Telefon: 32 02 93 20  
Telefaks: 32 07 32 30  
firmapost@hallok.no

**www.hallok.no**

Me har i løpet av året fått oss nye heimesider. Her har me linka oss direkte til NARF sine nyheitsoppdateringar, men prøver og å leggje ut egne saker av og til. Under menyvalet 'For kunden' vil det etter kvart ligge link til pålogging mot Daldata. Menyvalet 'Landbruk' vil innehalde spesialinformasjon til denne bransjen. Her vil me mellom anna leggje ut varelagerskjemaet til nedlasting.



## Nye samarbeidsformer gjennom Daldata

Me har om lag 15 kundar som er kopla til våre dataløysingar. Dei fleste av dei er inne på direkte tilkopling til server på Tynset og utfører i hovudsak eigen fakturering. Me har og fått i gang det som heiter Duett Dialog Min Side som er ei Web-basert løysing. Her kan du fakturere om du ikkje har for stort volum. Men gjennom denne løysinga kan du og få tilgang til egne rekneskapstal, reskontro m.v Me reknar med at med stadig høgare krav til styring av økonomi vil det vere aktuelt for fleire med ein slik tilgang som gir deg tala umiddelbart etter at me er ferdige med føringa. Om ein kombinerar dette med jamn bilagslvering, betalningar utført av oss m.v. vil ein kunne ha klare rekneskapstal relativt få dagar etter at ein periode er avslutta..

meir om dette tek du kontakt med Kjell Huso som kan gje deg informasjon både om den tekniske løysinga på dette og om kva det vil koste for deg som kunde.

Dersom du ynskjer å vite



**DALDATA**  
SMARTE LØSNINGER ER GULL VERDT

Medlem i

